

Oppsummering dialogmøte med grendautval 28.03

Tilstades grendautvala: Foldrøy, Espevær, Langevåg, Finnås, Moster, Gilje, Meling, Brandasund, Rolfsnes, Svortland og Rubbestadneset.

Tilstades Bømlo kommune: Sammy Olsen (ordfører), Kjetil Aga Gjøsæter (kommunedirektør), Kommunalsjefane Tone Stavland, Kjell Magnar Helland og Bjørn Håvard Bjørklund, kommunale rådgivarar Alf Helge Greaker, Jorunn Folgerø-Holm, Elisabeth Grønnevik og Lene Borgen Waage (referent).

Innleiingsvis presenterte alle grendautvala aktuelle prosjekt og tema i si grend, før me diskuterte korleis me best kan samarbeida om å gå frå idé til ferdig realisert prosjekt.

Aktuelle prosjekt og tema i grendene

Foldrøy

- Trafikksikring og trygg skuleveg er viktige tema for grendautvalet. Me er også opptekne av å behalde det gode kollektivtilbodet i bygda; det er viktig at bussen går der den går i dag
- Turløyper
- Trivselstiltak
- Badeplass
- Leikeplassar
- Faste aktivitetar som Vårdugnad – påskerebus – tv aksjon – sthans. – julegrantenning
- Har allbrukshall som blir mykje nytta
- Jobbar med utvikling av aktivitetspark (<https://www.foldroy.no/aktivitetspark>)
- Petanque – badminton – allidrett – samarbeid med BIL med utleige til fotball
- Busetting av flyktningar – 4 nye familiar – 6 nye elevar – løfta veldig fram – ønsker dei hjarteleg velkommen
- Viktigaste for oss er skulen – den er veldig viktig for oss – ungane er veldig sosiale og skulen er Navet som skjer i bygda

Meling

- Meling krinslag – grendautval – er paraply for gardslag og lag i krinsen med Meling speidergruppa + 7-8 gardslag . Krinslaget har kontakt mot alle organisasjonane
- Grendamøte i samband med årsmøte
- Zipline er eit viktig prosjekt i lag med kommunen og elevrådet som deltok på førre års grendamøte.
- Turløypa: Halleråkerløypa med dugnad – populært og mykje brukt område
- Krinskjøkken i samarbeid med skulen
- Trafikksikring og skuleveg er det stort engasjement rundt – behov for handlingsplan for prosjekta som er sett i gang
- Tv-aksjonen og andre tradisjonelle aktivitetar gjennom året

Finnås

- Ganske nytt styre – har jobba mykje med å få struktur og brukt tid med å innhenta informasjon om tidlegare prosjekt knytt til t.d. kanalvoktarbustaden
- Tre større arbeidsgrupper

- Veg og trafikksikring
- Turstig
- Fleirbrukshall og skule
- Folk i Finnåsbygda er veldig opptekne med reguleringsplanar og høyringsutkast
- Ser at skal me utvikla bygda vår, må me gjera det sjølve

Moster

- Liv og lyst tidlegare ga midlar til krinsen. I etterkant har ein jobba for å behalde engasjementet.
- Moster 2024 har stort fokus – og inneber mykje arbeid. Mostringane vil gjerne vera eit godt vertsskap – viktig med prosjekt i nærmiljøet.
 - o Utfordring med gamle kaiar som er slitne å gjøre gode reparasjonar til jubileet.
 - o Oppgradera Olavskjelda (på baksida av vetahaugen)
 - o Kalkbrenning med brenning til Moster gamle kyrkje
 - o Vetahaugen – nærmiljøanlegg – stort prosjekt – håpar å komma fysisk i gang etter påske med arbeidet
 - o Moster amfi skal oppgraderast og byggast ut med ny scene og nye kontor
 - o Bobilparkering på kaien
 - o Arrangementet – båt og invitasjon til større og mindre båter – statsråd Lemkuhl
 - o Behov for skilting til Moster – samarbeid med Moster amfi og vegvesenet
 - o KORR kjem – historisk spel – logistikk blir viktig!

Vil utfordra lag og organisasjonar i krinsen til å vera med å løyse desse oppgåvene. Det vil også komma invitasjon til andre grendautval

Svortland

- Ny heimesida Svortland
- Årshjul i lag med handelsnæringa – karneval – Folk på Bømlo – torgdag – oktoberfest –
- Pynting

Gilje

- Trafikksikring rundt skulen – parkeringsplass
- Aktivitet i fleirbrukshallen – frå små ungar til pensjonistar – Gilje allidrett
- Krokavatnet – Ådnanes – terrengsykkelløype – gapahuk – toalett

Espevær

- Tilflytting av ungdommar – 7 stk som vil bygge og bo på Espevær – interessert i å byggje – derfor er reguleringsplanar og planar viktig
- Parkering Eidesvik er viktig
- Skyssen – Ein del andre plassar gratis, men for Espeværingane kostar dette – Viktig at ungdommane får gratis skyss

Langevåg

- Campane i 2016, 2019 og 2022 har hatt gode prosjekt for å laga eit attraktivt sentrum. Her er medverknad sentralt og campane har styrka oss med samarbeid med næringsliv og sentrum. Har no også laga ei eiga gruppe for vedlikehald
- Opning av bygdalabben – storstova med kreative arbeidsplassar der ein jobbar med framtidige planar for Langevåg: Tilflyttarstrategi og sentrumsutvikling. Dette arbeidet byggjer vidare på Mulighetsstudiet i 2018 – bedriftene investerer i prosjektet og LEVA Urban design er leverandør.

- Jobbar med Straumen – kanalen mellom Vorland - Utviding som gir kopling mellom badeplassen og sentrum

Rolfsnes

- Treningsrom 8. klasse og oppover
- Hyttefolk på Rolfsnes – alle kan vera med
- Marknadsdagar, 17mai, julegran, strandrydding
- Innsamling til hjertestartar – (fekk samla inn nok på 10 dagar)
- Oppgradert ballbinge
- Kringlå badeplass
- Utleige

Brandasund


- Aktivt grendalag med faste arrangement i samband med til dømes Jul, 17. mai og St.hans
- Utfordring at urbefolkninga er på veg ut – krevjande jobba med dette – prøver å involvera fritidsbustadsfolk og få dei med i grendalaget
- Viktig med møteplassar for fritidsfolk: Grendatunet og butikkane
- Sterkt uroa over at industribedrifta gir seg – utfordring for næringslivet
- Trafikksikring – Tronko bru
- Driftar kyrkje, skule – men det er ikkje me som brukar det
- Fitjar kraftlag sitt nett
- Positivt med fritidsbusettare som er mykje der ute

Rubbestadneset

- Trafikksikring
 - o Stigar (som erstatning for gangfelt)
- Park i sentrum – petanque, buldrestein, benkar og bord – opning i vår. Ønskjer å jobbe vidare med myrå bak
- Lys i Stongarvågsløypo
- Liv og lyst – inne i det siste året – har gitt oss ein del midlar til planlegging, mat osv .

Aktuelle prosessar i kommunen

Kommune informerte kort om prosessane med planarbeid på sine område:



Frå idé til resultat saman

Kommunen innleia med refleksjonar om kva som er viktig å få avklara og gjort i prosjekt initiert av og/eller i samarbeid med grendautvala:



Vidare diskuterte ein gruppevis kva ein meinte var viktig for samarbeidet. Kort oppsummert var tydelege og raske avklaringar på kva som er lov svært viktig, saman med gode samarbeidsavtaler og dialog som gir svar på ulike spørsmål og problemstillingar for prosjektet. Det vart også løfta fram at det er viktig med ein tydeleg kontaktperson i kommunen.

Kommunedirektør og ordfører oppsummerte med å løfta fram den gode aktiviteten som skjer i dei ulike grendene og gi honnør til grendautvala for arbeidet som blir lagt ned. Ordføreren løfta også fram jubileet i 2024 som eit viktig fellesprosjekt for heile kommunen det neste året.

Sjå også nyheitssak om dialogmøtet på Bømlo kommune sine nettsider:

<https://www.bomlo.kommune.no/aktuelt/grendautvala-star-saman.12618.aspx>